



Hardanger



Hardanger  
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

## Møtereftrat

# Hardanger og Voss Ungdomsråd

Torsdag 06.02.2020, kl 1400-1630 - Videomøte

### Til stades:

Kvam herad:	Ungdomsrådsleiar Håvard Botnen
Kvam herad:	Ungdomsrådsnestleiar Amalie Eide Aase
Ulvik herad:	Ungdomsrådsleiar Bjørk Thorbjørnsen
Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsleiar Emilie Vivelid Tveit
Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsnestleiar Mathilde Myklatun Hole
Voss herad:	Ungdomsrådsleiar Marcus C. Prestegård
Ullensvang kommune:	Ungdomsrådsleiar Emilie Ribesen Skjærvold
<i>Kvam herad: Observatørar:</i>	<i>Ungdomsrådsmedlem Sander Eide Aase</i>

### Ikkje tilstades

Voss herad:	Ungdomsrådsnestleiar Daniel Lund
Ullensvang kommune:	Ungdomsrådsnestleiar Phillip L. Tandberg
Ulvik herad:	Ungdomsrådsnestleiar Isak Hjeltnes

### Gjest:

BUP VOSS	Ruth Helene E. Garmann
Juniorforskarprosjektet	Reidun Braut Kjosås

### Andre:

Kvam herad	Siv Håbrekke
Voss herad:	Eivind Djønne
Hardangerrådet:	Trude Lægreid Rinaldo

### Innlegg og diskusjon:

#### Prosjekt Barn og unges helsetjeneste v/ Ruth Helene E. Garmann

BUP Voss er 2. linjetenesta og ligg under Helse Bergen.

Forskjell på 1., 2. og 3. linjetenesta er:

1. Den tenesta du møter fyrst og er den kommunale.  
F.eks skulehelsetenesta og PPT( pedagogisk-psykologisk teneste)
2. Teneste som er organisert for større områder, og du må få tilvising frå 1.linja  
F. eks sjukehusa, BUP (Barne-og ungdomspsykiatrisk poliklinikk)
3. Er spesialist helsetenesta, med tilvising frå 2.linje.

Det kan vera utfordrande å få til godt samarbeid mellom alle tenestene mellom kommunane sitt PPT og BUP. Dei har ulike lover og ulikt perspektiv på saker.

Hovedmål med dette prosjektet er riktig hjelp til riktig tid, fremja samarbeid med skule, barnehagar, ppt osv. og er felles for Voss, Vaksdal, Kvam, Ulvik og Eidfjord. Det er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane og tenesta. Dette prosjektet er pilot for Helse Bergen

Ullensvang høyrer til Helse Fonna, som allereie har laga ei slik side <https://helse-fonna.no/barn-og-unges-helseteneste>

Det er oppretta ei arbeidsgruppe. Eitt av hovudmål/produkt som skal koma ut av det er ein nettstad, som skal vera eit verktøy for å gjera det enklare, og også fortelja kva ein kan gjera med det og gje betre oversikt.

Hardanger Ungdomsråd fekk spm om å sjå på desse tekstane og gje råd og å vera med å forma tekstane. Målet er at dei kan det bli eit nyttig verktøy? I denne omgangen er det 8 tekstar, som er relativt korte, som skal skrivast. Ynskjer 4-7 ungdommar med i dette arbeidet, som skal vera ferdig i oktober/november 2020.

Spm til Ruth:

1. Kor lang tid det er før ein får hjelp?

Svar: Det er er ikkje mål om å endra det no, det er 4-6 veker. Men i 1.linja som er skulehelsetenesta og ppt er det også mykje hjelp å få, Dei har også psykologar og masse god kunnskap, og målet er at dette vert nytta i denne fyrste tida, både som hjelp og kartlegging.

Moderate og lette vanskar skal løysast utanfor BUP

2. Skulevegring - er det eit tema?

Svar: Skule er ein arena som absolutt skal bli tatt med. Skulevegring er ikkje eit av desse 8 tilstandsbileta ein arbeider med no, men dette er berre starten.

### **Innlegg og diskusjon:**

#### **Juniorforskarprosjektet v/Kvifor me går igang**

Vedlegg: presentasjon

Prosjektet er del av nasjonalt folkehelseprogram for å fremja god helse, og barn og unge med psykiske problem og utfordringar er prioritert .

Dette prosjektet er for Hardanger, Voss, og Samnanger, og har utgangspunkt frå Kvam. Kvam ungdomsråd var med i ein tidleg fase: og arbeidstittelen har vore "Å letta på presset" .

Når ein kjem igang skal Kvam ungdomsskule og Samnanger ungdomsskule vera pilotar.

Dette prosjektet er basert på ein eigen metode, "**skal bli trent til å forska**" som skal lærast og brukast i undervisninga til 9.klasse på desse skulane. Målet er alle skulane. Bakgrunn for metoden er at ungdom ser verden annaleis, og at den kan bidra til betre læring, gi kunnskap til vaksne om ungdom og medverknad frå elevane gjev betre trivsel Ungdoms si stemme er viktig for samfunnet.

Mål er å gi ei tydeleg stemme til ungdom.

## **Møtereferat for Hardanger og Voss ungdomsråd sitt møte 16.04.2020**

- Håvard Botnen, leiar ønske velkomen til møtet
- Håvard Botnen spurde om det var fleire saker til møtet.

### **SAKLISTE:**

#### **HU-sak 11/20            Saker melde inn ved møtestart**

Ingen

#### **HU-sak 12/20            Hardanger UngdomsTING 2020. Oppsummering og evaluering.**

Oppsummering HU ting: VELLUKKA DAG ! Her er superlativa etter runde rundt bordet: Veldig vellukka dag; Klarte å nå det me ønska; Klarte å engasjera mange; Spennande og interessant ; Alt kjekt; God mat; Lærerikt; Alle flinke; Bra arrangement; Alle koste seg; Gjennomført på ein bra måte; Mykje positivt frå dagen.

#### **HU-sak 13/20            Temadag 03.09.20: Helsesista kjem! Planlegging**

Flytter planlegging til neste møte, 9.6.2020. Då har me resultatet klart for analyse, og kan laga målretta innhald for temadagen.

#### **HU-sak 14/20            Undersøking som HU skal gjennomføra i Hardanger og Voss Arbeida med utforming og gjennomføring**

Kvart ungdomsråd får ansvar for å gjennomføra undersøking på skulane i sin kommune. Alle må snakka med rektorane på sine skular for å få lov til å gjennomføra. Sander og Håvard sender ut mal til alle dykk.

Målet er at alle har gjennomført undersøkinga ila mai, og at ein har fått sett på resultatet før møtet 9. juni 2020. Resultat skal presenterast på temadagen 3. september 2020.

I kommunar med vgs må ein tenkja på at mange ungdomar går på skule i annan kommune enn dei bur i.

#### **HU-sak 15/20            Gjennomgang saker melde ved møtestart**

Ingen

#### **HU-sak 16/20            Informasjon om arbeid frå den einskilde kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.**

##### **Voss:**

- Arbeider for å skaffa ein møteplass for motorsport. Men Corona har sett alt på vent
- 27.april skal dei ha eit digitalt ungdomsrådsmøte
- Har fått i oppdrag å arbeida med kommunen sin samfunnsdel og plassering av barnehage i Granvin.

##### **Eidfjord:**

- Ikkje hatt møte sidan Korona nedstenging, all aktivitet har stoppa.
- Arbeider kun med ein onlineclub.

**Ullensvang:**

- Ungdomsrådsmøte vart avlyst pga korona.
- Har fått i oppdrag å undersøkje kva fritidsaktiviteter det er i kommunen til vanleg.
- Dei skal også arbeida med midlar til elevråda.

**Ulvik:**

- Arbeider med onlineclub, det fungerer. Skjer ellers svært lite.

**Kvam:**

- Arbeider for å få talerett i heradsstyret. Har stor tru på at dette går gjennom.

Sjå vedlagt saksframlegg og her er link til innlegg frå Hordaland Folkeblad:

<https://www.hf.no/nyhende/vil-ha-rett-til-a-tala/?fbclid=IwAR3lrVwgYJ4Azrfv39nFUFO2nkspdEbbMnEFNso4V4m7jysiJ0low4Kji1Y>

- Arbeider med å få til ein ny pris i Kvam: Ungdomsprisen, som skal gå til kandidat som gjer ein forskjell for born og unge i kommunen.

Sjå vedlagde statuttar

- Arbeider med ny logo for Kvam ungdomsråd. Har fått det fyrste utkast
- Arbeider fram nye retningslinjer for korleis dei vil skulane skal gjennomføra valg til ungdomsrådet.
- Sendt brev til rådmannen med spørsmål om det er mogleg for medlemskap i Elevorganisasjonen for dei kommunale ungdomsskulane i Kvam.

sjå vedlegg

- Har teke opp aktivitet på nettet. Arrangerar Kahoot på lørdagane. Dette har vore ein kjekk aktivitet, veldig positiv tilbakemelding for det. Det kan anbefalast.

**Spørsmål til slutt: "Korona hotline"**

Prøvde å laga digital arena, men ikkje så suksessfullt.

Svar: Kvam gjennomførte ei enkel undersøking, og fekk tilbakemelding at folk ordnar seg sjølve, men at fleire ynskja Kahoot, og derfor har dei lagde dei det. Har hatt det kvar laurdag sidan.

Anbefalar andre å laga ei spørjeundersøking veldig enkelt, med berre nokre får spm. Det var effektivt og nyttig.